



ULSTEIN KOMMUNE

BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2022–2025

Framlegg frå kommunedirektøren



ULSTEIN
- der baug bryt båre



Ulstein – ein god stad for menneske i alle livsfasar

VERDIGRUNNLAG

- ▶ nyskaping
- ▶ omsorg
- ▶ rausheit
- ▶ mangfald



STYRINGSMÅL

- ▶ nøgde brukarar
- ▶ motiverte og kvalifiserte medarbeidarar
- ▶ godt omdøme
- ▶ god ressursstyring



Ulsteinsamfunnet støttar og motiverer innbyggjarar, organisasjonar og næringsliv som viser visjonar, vilje og pågangsmot til beste for eiga utvikling, medmenneske og samfunn.



VÅRE TILSETTE

- ▶ arbeider etter verdigrunnlaget
- ▶ set brukaren i fokus
- ▶ representerer jobben og kommunen og gjer jobben sin på ein profesjonell måte
- ▶ følger lojalt opp vedtak og styringssignal



VÅRE LEIARAR

- ▶ er utviklingsorienterte
- ▶ kommuniserer godt
- ▶ har endringsvilje
- ▶ er lojale
- ▶ har evne og vilje til leiing

Framsidefoto: Janne-Marit Myklebust
Baksidefoto: Aage Christensen, UEKF

INNHOLD

«STRÅET SOM BRAKK KAMELENS RYGG...»	4
ETATSVISE OVERSIKTER	10
Sentraladministrasjonen	11
Helse- og omsorgsetaten	13
Oppvekst- og kulturetaten	15
Teknisk etat	17
Driftsbudsjett for etatane	19
ØKONOMISKE OVERSIKTER	21
Kommentarar til oversiktene	22
Driftsbudsjettet (skjema 1A)	27
Driftsbudsjettet fordelt på etatar (skjema 1B)	28
Investeringsbudsjettet (skjema 2A)	29
Fordeling av investeringsbudsjettet (skjema 2B)	30
Økonomisk oversikt etter art – drift	31
Gruppering av tiltak	32



«Strået som brakk kamelens rygg...»

Sitatet er ikkje frå den norske kvardagen, men bodskapen i ordtaket er talande nok. Dette er ikkje eit bilde for eller imot ei enkeltinvestering eller eit enkelttiltak. Det er snakk om totalbelastninga, det totale bildet og manglande samsvar om redusert gjeld og redusert drift på den eine sida, og nye tiltak og investeringar på den andre sida. Kvar går tolegrensa? Når lastar vi på det kritiske strået..? Arbeidet med 10-årig investeringsplan og ny gjeldsindikator i kommunestyret i oktober endte opp i ein sum vedtak som ikkje går opp.

- ▶ I saka om behovsutgreiing for nye omsorgsbustader vart det vedteke at kommunen skal innarbeide prosjektmidlar i 2022 og utbyggingsprosjekt i 2023 og 2024 for nye omsorgsbustader.
- ▶ Det var politiske vedtak for utarbeiding av 10-årig investeringsplan om at vi skulle vise eit framlegg med ei maksimal ramme på låneopptak på 100 mill. kr i ein fireårsperiode.
- ▶ Kommunedirektøren skulle ha ein klar plan på nedbetaling og la fram forslag på styringsindikatorar der kommunen skulle redusere gjelda med 90 mill. kr over ein fireårsperiode.
- ▶ Så kjem det eit vedtak om å innarbeide Sundgotmarka barnehage i økonomiplanperioden, og at ramma for nedbetaling skal haldast. Låneopptaket i prosjektet er 35,2 mill. kr.

Når eg må legge fram ein økonomiplan nokre dagar etter desse vedtaka kan eg ikkje legge fram ein plan som oppfyller alle krava. Eg legg difor fram ein plan som bryt prinsippet om maksimalt lånepunkt på 100 mill. kr og som ikkje imøtekjem kravet om nedbetaling av 90 mill. kr. Barnehagen vert lagt inn i siste år av investeringsplanen. Dermed held vi intensjonen om nedbetaling i dei tre første åra i nedbetalingsperioden.

Så får vi sjå om utgreiing av alternativ for utbygging av omsorgsbustader i 2022 og utgreiing av alternativ for barnehage tidleg i 2022 kan gi oss utbyggingsalternativ som kostar mindre enn det som er lagt inn i planen. Ut frå vedtaka om 20 % eigenkapital til investeringane er der eit forbruk av kapital på 20,7 mill. kr i økonomiplanperioden. Dette er 9,8 mill. kr ut over det som er i kapitalfondet. Det betyr at midlar må hentast frå driftsfondet.

Slik eg ser utfordningsbildet framover er det behov for:

- ▶ Klar reduksjon av lånegjeld
- ▶ Stram styring på drifta
- ▶ Klar overføring av midlar frå oppvekstsektoren til omsorg

Skal vi få til det må det klare prioriteringar til innan administrasjonen og i det politiske miljøet. Det betyr også at investeringar ikkje kan verte gjennomført i same tempo som før. For ein handlekraftig Ulstein kommune er det kanskje den endringa som sit lengst inne. Økonomiplanen for 2022 til 2025 vert ein overgangsplan i på�ente av den strukturdebatten som må kome våren 2022 ut frå dei innsparingstiltaka som ligg inne i perioden 2023 til 2025.

Det å halde den vedtekne styringsindikatoren for gjeld er kanskje det viktigaste signalet på endring no. Indikatoren legg opp til ein netto reduksjon i kommunen si gjeld på 90 mill. kr i økonomiplanperioden. Nedbetaling knytt til sal av tomter i tomtfelt der utbygginga er lånefinansiert - og nedbetaling knytt til utbetaling av spelemidlar kjem i tillegg.

ULSTEIN KOMMUNE 2020, KORT OPPSUMMERT

- ▶ frie disponible inntekter i høve til landsgjennomsnittet er ytterlegare redusert i 2020 målt mot 2019
- ▶ behovskorrigerte kostnader i helse og omsorg er godt under landsgjennomsnittet målt per innbyggjarar, men avstanden er redusert i høve til 2019. Dette endrar seg i 2022
- ▶ behovskorrigerte kostnader er litt over landsgjennomsnittet for skule, og under landsgjennomsnittet for andre område
- ▶ rente- og avdragskostnader er godt over landsgjennomsnittet, men marginalt ned i høve til 2019
- ▶ høge investeringar i budsjettet på grunn av barneskulen og brannstasjonen
- ▶ auka press på tenestene, spesielt innan helse og omsorg. Finansieringsordninga for ressurs-krevjande tenestemottakarar vert trappa ned
- ▶ det er budsjettet små avsetningar til fond i økonomiplanperioden, etter betydelege innsparinger
- ▶ avvik på drift i 2020 på ca. 10 mill. kr.
- ▶ vedtak om innsparing på 7,425 mill. kr i 2022, auka til 12,682 mill. k i 2024 ligg inne i økonomiplanperioden 2021 - 2024.

DEI ØKONOMISKE RAMMENE

Nivået på skatteinntekter i 2021 vert svært høgt i høve til det som låg i prognosane. 3,2 mrd. kr låg inne i revidert nasjonalbudsjett (RNB). Meirskatteveksten i 2021 er på 5,9 mrd. kr ut over dette. Ut frå budsjettframlegget vert auken i RNB vidareført inn i 2022-budsjettet. Av desse 3,2 mrd. tek auka prisvekst 2,5 mrd. kr. For kommunen ligg skatteinntekta no rundt landsgjennomsnittet, dermed er det utvikling i skatteinntekt for landet som heilskap som avgjer nivået på skatteinntekta i Ulstein kommune.

Der er også ein auke i rammetilskotet for kommunen for 2022. I oversikta over frie inntekter for 2022 for Ulstein kommune er det vist til ein vekst på 2,2 % målt opp mot eit landsgjennomsnitt på 1,5 %. Prognosene er basert på eit anslag for skatteinntekter, men går vi inn i detaljane vert endringa fort borte. Eksempelvis vil endringa i alderssamansetting av barnehageborn føre til ei auka utgift på 5,5, mill. kr.

Det er heller ikkje i denne økonomiplanen lagt inn kompensasjon for prisauke til einingane. Dette betyr eit reelt kutt i rammene. I juni 2021 vart det i sak 60/21 «Økonomiplan 2021 til 2024 – konkretisering av innsparing i 2022, 2023 og 2024» lagt inn fleire tiltak. Innsparingspakke 4 på 5,1 til 5,8 mill. kr – (sjå rapport i vedlegg.)

Innsparingskrav som låg inne frå 2023 er lagt inn i økonomiplanen. Det betyr at det ligg ikkje-spesifisert innsparing på 3 mill. kr i 2023 og 5 mill. kr i året vidare i planperioden. Tiltaket optimalisering av innkjøp er reversert. Der er ikkje grunnlag for ei så høg innsparing i tillegg til dei innsparingane som det vert arbeidd med. Det kan vere grunnlag for ei effektivisering innanfor innkjøpsområdet, men då må det inn meir ressursar til dette arbeidet.

Reduksjon i reiseaktivitet er reversert. Den posten som ligg inne i innsparingstiltaket omfattar både reise og kurs, og vi kan ikkje ta ut alle midlar til reise og kurs i 2022. Det er lagt inn ei innsparing på kr 200 000 årleg. I tillegg er reise- og kurskostander redusert med kr 220 000 i andre innsparingsprosjekt.

KOMMUNEN DRIV EFFEKTIVT OG GODT


Ulstein kommune kom på 2. plass i Kommunebarometeret i 2021 (som bygger på tal frå 2020). Vi kom på 2. plass i Kommunekompasset i 2019. Vi skårar høgt i innbyggarundersøking, folkehelsebarometeret og i oppvekstprofilen publisert av Folkehelseinstituttet. Vi driv godt førebyggande arbeid og får konkrete tilbakemeldingar på dette mellom anna frå barnevernet. Der er systematisk arbeid gjennom BTI prosjektet (Betre tverrfagleg innsats), brei innsats frå helsesjukepleiarar inn mot skulane, også vidaregåande, og eit breitt spekter av aktivitet retta mot ungdom. Sist framme, og dermed fremst i minnet, er sommarskulen som vart utvida til å også vere eit aktivitetstilbod i haustferien. Der er veldig mykje bra arbeid og svært mange positive utviklingstrekk i kommunen og lokalsamfunnet på dette området.

Kommunen som driftsorganisasjon fungerer godt og har låge kostnader og god kvalitet i høve til kommunar vi kan samanlikne oss med. Samtidig er kommuneorganisasjonen på leit etter nye løysingar. Heiltidskulturprosjektet i Ulstein vann prisen for «Årets nyskapar» - Grunngjevinga frå juryen var slik: «Heiltidsprosjektet i Ulstein har i tillegg til lokal effekt gitt nasjonal merksemnd. Prosjektet oppfyller alle kriteria som er sett i statuttane for prisen, og gir varig effekt. Gjennom samskaping på tvers av ulike tenesteområde har dei lykkast med å sette kvalitet for tenestemottakarar i fremste rekke. Samtidig har tiltaka gitt dei tilsette ein betre arbeidskvardag og frigjort ressursar. Erfaring frå dette prosjektet er overførbart til andre delar av organisasjonen og bidreg til større berekraft i tenestene». Heiltidsprosjektet har fått ein spin-off i «God oppvekst i Ulstein». Der er eit aktivt utviklingsarbeid i gang innanfor alle sektorane.

I KS si oversikt basert på rekneskapstal for 2018 til 2020 ser driftsbildet slik ut for Ulstein (t.h.). Tala er korrigerte for utgiftsbehovet og inntektene i den enkelte kommune og korrigert for ulikt nivå på arbeidsgivaravgift i samanlikninga på landsgjennomsnittet. Tala i tabellen er målte i kroner per innbyggjar. Som det går fram av oversikta driv kommunen dei fleste tenestene med ein kostnad under landsgjennomsnittet. Det høge nivået på barnehage i 2018 kjem av etterbetaling etter opprydding for perioden 2012 til 2017. Som det går fram av tabellen er kostnadene i helse og omsorg på veg opp mot landsgjennomsnittet.


I 2021 rapportere vi i tertialrapporten for andre kvartal at vi kan gå mot balanse i drifta. Der er framleis meirforbruk innafor omsorg, og der er eit avvik på teknisk sitt område. Når ein så god skatteinngang ikkje fører til høge overskot betyr det at der framleis ikkje er samsvar mellom driftsnivå og budsjett. Dette gir grunn til uro.

Tenester innanfor inntektssystemet.
Kommunen sin ressursbruk korrigert for forskjellar i utgiftsbehov m.m



Driftsinntektene for kommunen er under landsgjennomsnittet. Skatteinntektene ved utgangen av oktober 2021 ligg på 100,5 % av landsgjennomsnittet. Det er lågt, og er 2,3 % under nivået for 2020. Inntekta kan i år ende opp under landsgjennomsnittet.

Det er dokumentert gjennom perspektivmeldinga at rammene for offentleg drift vert redusert framover. Når Ulstein kommune har høg gjeld vil det bety at ei slik innstramming vert ekstra utfordrande for oss, fordi kostnader låste i renter og avdrag ikkje vert redusert når inntektene går ned. Unntaket er dersom auken i kostnad vert kompensert med auka inntekt gjennom auka skatteinntekt. Ulstein kommune har lagt til rette for vekst, og auke i folketalet skal vere med på å finansiere mange av investeringane som er gjort.



FRAMLEIS NOKO HANDLINGSROM

Ulstein kommune har framleis litt handlingsrom til å styre sin eigen situasjon, men handlingsrommet vert redusert. Kommunen må ta kraftige grep og så eventuelt sleppe opp når aktiviteten i næringslivet er tilbake og inntektsgrunnlaget er høgare. Vedtaket i 10-årig investeringsplan om planlagt netto nedbetaling på lån på 90 mill. kr over fire år er eit klart signal og ei tydeleggjering av viljen til å snu utviklinga i lånegjelda. Ved å flytte Sundgotmarka barnehage inn i fireårsperioden vert det likevel stilt spørsmålsteikn ved om nedbetalinga på 90 mill. kr er mogleg å gjennomføre.

Der er fem hovudutfordringar som må løysast:

1. underfinansieringa av omsorgssektoren
2. overføringa av midlar frå oppvekstsektoren til omsorgssektoren pga. endring i demografi
3. redusere presset på driftsbudsjettet frå renter og avdrag
4. handtere risiko for auka rentenivå
5. skape overskot ved å auke effektiviteten, redusert driftsnivå og auka inntekter

Punkt 5 er ein heilt nødvendig føresetnad for å bygge opp fond og legge opp eigenkapital til framtidige investeringar. Samtidig er her ein målkonflikt mellom overskot og ønsket om å redusere eigedomsskatten, og dermed inntektsgrunnlaget til kommunen.

UNDERFINANSIERING AV OMSORGSEKTOREN

Omsorgssektoren har fått tilført betydelege midlar dei siste åra. I 2021-budsjettet fekk dei tilført netto 11,2 mill. kr ut frå driftsnivået i 2020. Driftsnivået i 2020 var då korrigert for 4,2 mill. kr frå tilleggløyvingar på grunn av eit moderat lønsoppgjer i 2020. I tillegg var det i 2020 ein reduksjon i arbeidsgivaravgift i 3. termin som ikkje kjem i 2021 og vidare. Effekten av denne


var 1,14 mill. kr. Det er difor framleis ei underfinansiering av det behovet som er i sektoren.

Ordninga med kompensasjon for ressurskrevjande tenestemottakarar gir stadig mindre kompensasjon. På grunn av høg utgiftsvekst nasjonalt aukar staten innslagspunktet årleg meir enn prisauken. Årlege refusjonar går dermed ned, men føresetnadene frå staten er at tenestenivået skal haldast oppe. Her skyver staten kostnader over på kommunen utan kompensasjon.


Det er også eit auka press på sektoren spesielt innan ordninga med brukarstyrt personleg assistent (BPA), og auka press på grunn av rask utskriving av pasientar frå helseføretaket. Kommunen vert stilt overfor behovet for avansert og komplisert medisinsk behandling i heimane for alvorleg sjuke og døyande pasientar. Også manglande langtidsplassar innan rus og psykiatri og eit lovverk som gir brukaren høve til å velge vakk behandling, er ei utfordring som kommunen må handtere. Her er eit omfattande lovverk som gir tenestemottakarar rett til tenester.

OVERFØRING AV MIDLAR FRÅ OPPVEKST TIL OMSORGSEKTOREN

Framskrivninga av demografikostnadene for perioden 2021 til 2030 viser reduksjon i gruppa barnehageborn fram til 2026, reduksjon i grunnskulen i heile perioden og auke i pleie- og omsorgssektoren. Som det går fram av figuren er netto endring dei første åra null (lilla linje). Det betyr at der ikkje er endring i tilført rammetilskot og at endringa fram til 2024 er ei intern omlegging i Ulstein kommune. Figuren bygger på framskriving utarbeidd av SSB i 2020. Det er vist i fleire figurer under at sentral finansiering av oppvekstsektoren går ned og at behovet innanfor helse og omsorg har auka og vil halde fram med å auke.



Endra utgiftsbehov demografi - kommunen - 2020 - 2030. Målt ved inngangen til det enkelte år.



Ser vi på sektorfordelte utgiftsbehov slik dei vert overført i inntektsystemet, har pleie og omsorg tidlegare gitt oss trekk fordi utgiftsbehovet vårt ligg litt under nasjonalt gjennomsnitt. På den andre sida har vi fått overført midlar til grunnskule fordi vi har lege over gjennomsnittet. Dette er i ferd med å snu. Som vi ser av tala over er endringa på omsorg gått få minus 13,6 mill. kr til pluss 2,7. Innanfor grunnskule har vi gått fra 20,1 mill. kr til 7,1 mill. kr. Dette er ei utvikling som vil halde fram i åra som kjem, og det er denne utviklinga som kjem att i tertialrapportar når helse og omsorg rapporterer om auka kostnader trass i tilføring av midlar.

Tabellen nedanfor er basert på SSB si framskriving av folketala fra august 2020. Dette betyr eit auka fokus mot kostnadseffektiv tenesteleveranse i alle sektorar, men spesielt i oppvekst- og kultursektoren. Med dei store økonomiske utfordringane som ligg i økonomiplanen, stiller det eit ekstra krav til kommunen om å ta ut gevinstar av effektivisering og utvikling i reduserte kostnader, og ikkje i auka tenestekvalitet eller auka kapasitet.

PRESSET PÅ DRIFTSBUDSJETTET FRÅ RENTER OG AVDRAG

Utviklinga i renter og avdrag tek ein stor del av driftsbudsjettet. Dette er ekstra merkbart i ein periode der auken i inntektene er låge. På same tid er vi på veg inn i ein periode med renteauke. Med neverande rentesikring vil ein prosent oppgang i renta gi ein auka kostnad på 3,6 mill. kr. I kommunestyremøtet i oktober vart det vedtatt ein revidert styringsindikator for gjeld der det vart vedtatt å betale ned 90 mill. kr i netto gjeld (nedbetaling er høgare enn låneopptak) i perioden 2022 til 2025. Dette er eit klart styringssignal og vil redusere renter og avdrag etter kvart som det vert gjennomført.

ENDRING UTGIFTSBEHOV PER 1.1						
	Pleie- og omsorg	Grunnskule	Barnehage	Sosial	Kommunehelse	Barnevern
2022	2 935	-5 071	-1 477	194	149	-680
2023	3 923	-4 176	1 583	7	255	-355
2024	9 075	149	-3 413	31	322	-361
2025	4 071	-1 342	825	277	312	-119
2026	8 668	-2 983	-3 014	181	498	-394
2027	6 281	-1 790	825	256	391	-97
2028	8 317	-1 193	1 190	160	413	-93
2029	7 251	-1 641	1 465	220	432	-86
2030	8 785	-298	1 100	108	472	30
2031	7 624	-746	1 280	160	433	7
Sum	66 930	-19 092	365	1 595	3 678	-2 149
						51 327

Anslag årleg endring i utgiftsbehovet til kommunen (i 1000 kroner) per tenesteområde som følge av befolkningsendringar (2021-kroner og endring frå 1.1.2021).

AUKA EFFEKTIVITET, REDUSERT DRIFTSNIVÅ OG AUKA INNTEKTER MÅ SKAPE OVERSKOT

Kommunestyret har vedtatt styringsindikatorar for Ulstein kommune med krav til overskot, til oppbygging av fond og nedbetaling av gjeld. Indikatoren for gjeld vart vedtatt i kommunestyret i oktober. Der er også forventningar i breie politiske lag om reduksjon av egedomsskatt. Vi kan dokumentere svært effektiv drift på store område av den kommunale organisasjonen. Det er ei klar målkonflikt mellom oppbygging av fond og reduksjon i inntektsgrunnlaget gjennom redusert egedomsskatt med dei økonomiske rammene vi har i dag.

Kommunen kan ikkje leve med ei drift som er høgare enn inntektene over tid. Korleis dette utviklar seg vil vere avhengig av korleis det går med næringslivet, skatteinntekter og folkevekst. Kommunen må arbeide systematisk for å redusere driftskostnadene i alle einingar. Vi må gå gjennom struktur, kvalitet og tenestenivå. Vi må redusere investeringar, etablere effektive einingar, ein effektiv organisasjon og utnytte teknologi og ressursar på ein betre måte. Vi kjem likevel ikkje unna dei vanskelege spørsmåla som kapasitet på tenester, effektiv struktur, og om å utnytte det inntektsgrunnlaget kommunen har gjennom egedomsskatt.

EIGEDOMSSKATT:

Inntektene på egedomsskatt i 2021 er om lag 1,4 mill. kr mindre enn budsjettet. Det vert foreslått ein auke i egedomsskatten på 0,25 promille for 2022 for å dekke opp dette underskotet. Inn i vurderinga må vi her ta med at takstgrunnlaget for egedomsskatt vart redusert i år 2020.

INVESTERINGAR:

Investeringane er lagt inn ut frå rammene for 10-årig investeringsplan. Dei rammene er lagt ut frå føresetnaden om eit maksimalt låneopptak på 100 mill. kr over fire år. Sundgotmarka barnehage vart lagt inn som eit tillegg på investering, men kravet om nedbetaling vart oppretthalde. Dette er nødvendig for å få til ei auka nedbetaling, men nokre store investeringar gjer at rammene for utskifting av utstyr på drift vert for små. Der er flytta nokre tiltak frå investering til drift, som investering i velferdsteknologi og investering i IKT-utstyr i skulen. Vi trur det er ei rett prioritering å ta slikt utstyr med rask utskiftingstakt over drifta, men då er det andre ting vi ikkje kan prioritere.



BEREKRAFT

Så vart dette mykje økonomi og lite om andre viktige utfordringar, som til dømes FN sine berekraftsmål. Berekraft her har tre fokus, økonomisk, sosial og miljømessig berekraft. Den prosessen stoppar ikkje opp. Kommunen er med i Møre og Romsdal si storsatsing for å etablere berekraftsfylket. Der er kome ein rapport for kvar kommune i fylket og det vert diskutert korleis kommunane skal gå vidare. Det er mange felles utfordringar, og kanskje gevinstar å hente på eit vidare samarbeid. Så er fokus på berekraft i stadig større grad på veg inn i organisasjonen. Det ser vi mellom anna i den nye levekårsplanen vedtatt i juni 2021, der berekraftig utvikling er sett opp som eit av dei fem arbeidsprinsippa vi skal følge. Arbeidet med berekraftsmåla må verte forankra inn i planarbeidet med nye planar, inn i praksis og inn i haldningane i organisasjonen.

VERNER LARSEN
kommunedirektør

Etatsvise oversikter

SENTRALADMINISTRASJONEN
HELSE OG OMSORG
OPPVEKST OG KULTUR
TEKNISK
DRIFTSBUDSJETT FOR ETATANE



KOMMUNALSJEF ORGANISASJON OG UTVIKLING
MONICA CECILIE TORP

Sentraladministrasjonen

Sentraladministrasjonen består av kommunedirektørkontoret og kommunedirektøren sine stabsfunksjonar. Eininga utfører støtte- og fellesstenester innanfor personal, arkiv og økonomi og har ansvar for å legge til rette for god politisk og administrativ styring. Sentraladministrasjonen har også kontrollfunksjonar opp mot rutinar og regelverk sentralt og lokalt.

Tenesteområdet har eit særleg ansvar for å legge til rette for folkehelse, innbyggardialog og samskaping i lokalsamfunnet. Overordna ansvar for digital transformasjon, kommunikasjon, personvern, strategiutvikling og kommunalt planarbeid er også lagt til eininga.

Tenesteområdet har 20 årsverk fordelt på tre avdelingar.

SATSINGSMÅL

- Utvikle ein berekraftig kommune
- Vere opne og transparente
- Aktivt bruke teknologi og nye arbeidsmåtar for å betre og utvikle tenestene våre

- Gi innbyggjarane gode møte med kommunen
- Vere ein attraktiv arbeidsgivar og arbeidsstad
- Involvere og engasjere folkevalde, administrasjon, næringsliv, frivillige og innbyggjarar



Ein stor gjeng frå Hødd turn møtte opp på kommunestyremøtet i juni 2021 for å oppmuntre dei folkevalde til å røyste for bygging av ny turnhall. Foto: Janne-Marit Myklebust

Vi møter stadig større krav til ein meir effektiv administrasjon samtidig som desse tenestene vert meir kompetansekrejvande og forventningane til kva vi skal levere aukar. Sentraladministrasjonen leverer tenester til fleire målgrupper både internt og eksternt - til dei andre i administrasjonen, til dei tilsette, til dei folkevalde og til innbyggjarane i Ulstein.

OPEN OG TRANSPARENT – TILLIT - INTERNKONTROLL

For at vi skal utføre oppgåvene våre på ein god måte er vi avhengig av tillit. Vi trur at gode verkemiddel m.a. er å vere open og transparent – i tillegg til å ha god internkontroll. Ulstein kommune gjorde det bra med sin 5. plass i Åpenhetsbarometeret, hausten 2021. Samtidig står vi i nokre krevjande tilsynssaker som viser at vi stadig må jobbe for at å halde på tilliten vi har fått.

Det andre verkemiddelet er internkontroll. Internkontroll skal sikre at vi følger lover og forskrifter. Døme på internkontrollrutinar er alt frå korleis vi er organisert til utarbeidning av rutine.

I 2022 vil vi innføre nytt internkontrollsysteem og tilhøyrande rutinar innanfor fagfelta våre.

UTVIKLING, BEREKRAFT OG NYSKAPING

Vi veit at vi har ei effektiv drift. Rekneskapsanalyse frå KS viser at vi kjem på 23. plass i landet. I kommunebarometeret kom vi på 2. plass. For å få betre kvalitet, tenester eller effektivitet i dei tenestene vi leverer, må vi difor nytte moglegheitene teknologien gir oss.

Utviklings- og nyskapingsarbeid tek tid og ressursar før vi kan hente gevinstane. Vi må difor få tillit og forståing for at organisasjonen i periodar må prioritere utviklingsarbeid for å skape ein kommune for framtida.

Utviklings- og nyskapingsarbeid krev samarbeid - på tvers av organisasjonen, samfunnet og ulike bransjar. Ved at vi engasjerer oss i lag, står vi sterkare og kan løyse større oppdrag.

Inn i 2022 vil vi jobbe for å utvikle og nytte nye partnarskap både internt og eksternt. Vi held også på med fleire store prosjekt med innføring av nytt personal-, lønns- og økonomisystem, digitalt kompetanseløft og berekraftsfylket Møre og Romsdal.

MEDARBEIDARANE VÅRE

Vår viktigaste ressurs er våre tilsette. Skal vi halde fram med å levere gode tenester er det heilt avgjerande at vi lykkast med å rekruttere, utvikle og halde på medarbeidarane våre. Vi må også ha gode leiarar – leiarar som evnar å leie i endring, omstilling og utvikling. Også her er tillit ein føresetnad. Vi må ha tillit til våre medarbeidarar og leiarar slik at dei får rom og hove til å utvikle seg sjølv og Ulstein kommune.

Vi vil difor halde fram med satsing på arbeidsnærvær, heiltidskultur, leiarutvikling og kompetanseheving.

EIN BEREKRAFTIG ØKONOMI

Ulstein kommune har høgt gjeldsnivå og eit inntektsnivå på landsgjennomsnittet. Samtidig har vi høge ambisjonar. Det gjer at vi må jobbe systematisk for å oppnå målet om å få ein robust og berekraftig økonomi.

INNBYGGARANE VÅRE

Sjølv om vi har generelt god folkehelse i Ulstein, er det auke i talet på dei som opplever utanforskap, psykiske plager og overvekt. Det neste målet no er å sette den nye levekårsplanen ut i livet.



KOMMUNALSJEF MARIT BOTNEN

Helse- og omsorgsetaten

Helse- og omsorgsetaten omfattar legetenesta, helsestasjon, Nav, omsorgstenestene med heimetenester, institusjon og dagsenter, barneverntenesta og veterinærtenesta. Ansvar og oppgåver vert meir og meir overført til kommunane og vi har no overordna ansvar for førebygging og behandling av alle helseproblem hos innbyggjarane. Helse- og omsorgsetaten er difor ein sentral aktør i overordna planarbeid mellom anna i samband med universell utforming, utvikling av eit aldersvenleg samfunn og satsing på velferdsteknologi.

SATSINGSMÅRK

- ▶ Velferdsteknologi
- ▶ Styrking av kompetanse på alle nivå i organisasjonen
- ▶ Gode på smittevern
- ▶ Auka del tilsette i heile stillingar
- ▶ Gode pasientforløp
- ▶ Framleis satsing på brukarmedverknad som grunnlag for gode tenester
- ▶ Tilpassa bustad til alle med særlege helseproblem
- ▶ Mat og måltidsrutinar tilpassa brukarane sine behov
- ▶ Aldersvenleg samfunn for alle
- ▶ Tidleg innsats på alle tiltaksområde
- ▶ God integrering gjennom utvikling av møteplassar for alle aldersgrupper

INNOVASJON, NYTENKING OG RETT KOMPETANSE

For å framleis ha berekraftige tenester må vi tenke nytt og innovativt. Dette inneber mellom anna framleis satsing på elektronisk kommunikasjon mellom dei ulike tenestene. Dette fungerer godt og gjer det lettare å samordne gode pasientforløp. I tillegg må vi også gjere oss nytte av velferdsteknologi for å styrke og effektivisere tenestetilbodet til brukarane. Kompetansen i og erfaringa med bruk av ulike velferdsteknologiske løysingar må framleis styrkast.

STYRKING AV KOMPETANSE PÅ ALLE NIVÅ I ORGANISASJONEN

Etaten vil også komande år legge stor vekt på vedlikehald og vidareutvikling av kompetanse. Dette vil verte tilpassa dei endringar som skjer i det ansvaret kommunen har og dei tiltaka som må settast i verk. Dette er med på å gjere oss til ein attraktiv arbeidsgivar, og er også viktig ved rekruttering av nye medarbeidarar.

GODT SMITTEVERN

No når pandemien er over i ein ny fase er det viktig at vi i 2022 framleis legg stor vekt på å utvikle/vidareføre gode rutinar for smittevern på alle avdelingar. Det er særleg viktig at vi raskt fangar opp endringar i smittesituasjonen i kommunen, og set i verk dei tiltaka som er nødvendige.

GODE PASIENTFORLØP

Satsinga på innovasjon skal bidra til betre pasientforløp. Vi vil framleis sikre eit nært samarbeid med andre kommunale tenester og spesialisthelsetenesta gjennom faste samarbeidsforum. For dette formålet er det også viktig med framleis satsing på kvardagsrehabilitering.

AUKA DEL TILSETTE I HEILE STILLINGAR

Vi vil framleis legge vekt på utvikling av heiltidskultur, dvs. at personell vert tilsette i heile stillingar. Det vil også komande år verte satsa på endringar i turnus som gjer at brukarane får færre personar dei skal verte kjende med. Samla inneber dette også styrking av kvaliteten på tenestetilbodet.

STYRKA BRUKARMEDVERKNAD SOM GRUNNLAG FOR BETRE TENESTER

Etaten vil også i 2022 legge vekt på tiltak for styrking av brukarmedverknad. Dette inneber også styrking av tilsette si forståing av brukarmedverknad som kvalitetssikring av tenestene.

ALLE SKAL HA TILBOD OM TILPASSA BUSTAD

Kommunen står framfor ein auke i talet på eldre, og det er behov for fleire omsorgsbustader. I 2019 vart det i regi av planforumet laga til ei parallelutlysing i samsvar med prinsippa om «300 meters-byen» til ulike arkitektfirma om utforming av sentrum og utvikling av nye omsorgsbustader, både for yngre funksjonshemma og eldre. I 2021 var det gjennomført ei utgreiing av behovet for nye omsorgsbustader. Dette planarbeidet må verte vidareført i 2022.

MAT, MÅLTID OG AKTIVITET

Vi ønsker at brukarane våre skal oppleve meistring. God ernæring er viktig for god helse, og kjøkkenet skal ha eit særleg fokus på å vekke matglede og matlyst, mellom anna ved å velge råvarer og rettar som speglar årstida. I 2021 vart det bygd ei romsleg hagestove integrert i sjukeheimsbygget. Vi ser fram til i 2022 å utvikle dette som ein møtestad og arena for aktivitet for bebruarane, pårørande og tilsette.

ALDERSVENLEG SAMFUNN FOR ALLE

Ulstein kommune ønsker å vere eit demensvennleg samfunn. Innan demensomsorga inneber dette framleis satsing på tidleg oppdaging av demens. Tilrettelegging av gode tenester er viktig. Denne satsinga vert styrka gjennom at vi framleis er med i eit nasjonalt kommunenettverk for utvikling av aldersvenlege samfunn. Samarbeidet med Husbanken i kommunenettverket «Planar og tiltak for eit aldrande samfunn» vart avslutta i 2021. Rullering av Budstadpolitisk handlingsplan og Levekårsplanen vart ferdig i 2021, og må følgast opp i 2022.

TIDLEG INNSATS OG SATSING PÅ FØREBYGGANDE ARBEID

Vi skal også i 2022 ha fokus på helsefremmende og førebyggande arbeid innan alle tiltaksområde og for alle aldersgrupper. Dette gjeld også for satsinga kommunen, gjennom Helsestasjonen, er med på gjennom Barneblikk, den nasjonale satsinga på tidleg oppdaging av born med særlege behov.

INTEGRERING OG MØTEPLASSAR

Vi skal framleis, gjennom planarbeid og tiltak, ha fokus på å utvikle møteplassar der generasjonar kan møtast og ha gode opplevingar. I tillegg skal vi også i 2022 gi praksiserfaring til personar som treng yrkesfaring og språktening.

UTFORDRINGAR FRAMOVER

Dei viktige utfordringane framover er at talet på eldre vil auke. Dette fører også til at vi vil få fleire eldre med behov for omsorgstenester, og inneber ein auke i talet på eldre med demens, også etter kvart med behov for tiltak i form av plass på skjerma avdeling. Samstundes utgjer innbyggjarar under 67 år allereie i dag 40 % av dei som tek imot heimetenester, dette talet må vi også legge til grunn vil auke fordi psykiske helseproblem og rusproblem i større grad skal verte behandla i kommunen. Utfordringar knytt til kronisk sjukdom og palliativ omsorg må i større utstrekning varetakast i kommunen.



KOMMUNALSJEF GRY NORDAL

Oppvekst- og kulturetaten

Etaten tek hand om tenesteområda barnehage, grunnskule, PPT, vaksenopplæring, flyktningtenesta, norsk for framandspråklege, kultur og idrett. Ulstein kommune er vertskommune for interkommunalt PPT-kontor for kommunane Volda, Ørsta, Hareid og Ulstein, og også for fylkeskommunen og dei vidaregåande skulane i samarbeidskommunane.

SATSINGSMRÅDE

- ▶ Eit samfunn prega av kreativitet, utdanning, læring, kompetanse og kunnskap
- ▶ God samhandling og interaksjon internt og eksternt
- ▶ Eit mangfaldig samfunn der alle kjenner seg inkluderte
- ▶ God brukarmedverknad i tenestene
- ▶ Rom for alle
- ▶ Eit samfunn der det er lov å gjere feil – og vi lærer av dei
- ▶ Open og mottakeleg for nye initiativ, nye idear, og nye utfordrande planar/tankar



Ein fin gjeng frå Ulsteinvik Barneskule på hengekøyetur til Nevstadnipa. Foto: Ole Terje Sukka

DRIV FOR ENDRING OG UTVIKLING

Berekraft, folkehelse, innovasjon, nytenking og utvikling i kombinasjon med effektivisering og god ressursstyring for å oppnå god tenestekvalitet, vil vere overordna målsetting for oppvekst- og kulturetaten i perioden. Etaten vil legge til rette for å kople menneske og ulike miljø saman, og vidareutvikle og skape nye forbindelsar og møteplassar som fremjar god samhandling. Samarbeid med næringsliv/arbeidsliv skal vidareviklast, og utstrekkt bruk av teknologi vil vere ein viktig faktor i arbeidet.

Tenestene knytte til etaten vil arbeide aktivt med sosial inkludering, eit godt oppvekstmiljø og nulltoleranse for mobbing på alle område og i alle aldrar. Det er eit mål å skape arenaer der ulikskap er verdsett og nytta positivt.

Etaten skal halde seg oppdatert på utviklingstrendar, ha eit aktivt driv for endring og utvikling, i tillegg til å stimulere til nytenking som fører til nyskapning.

Som ein viktig del av eit godt førebyggande arbeid, vil etaten bidra til at frivillig arbeid får vekse og utvikle seg. Det vert lagt til rette for utstrekkt samarbeid med lag og organisasjonar.

Arbeidet med «God oppvekst i Ulstein» vil halde fram med oppvekst- og kulturetaten som drivar av utviklingsarbeidet. Alle tenestene vil i perioden implementere satsinga Betre tverrfagleg innsats (BTI).

FOKUS I TENESTEOMRÅDA I PERIODEN

Barnehage: sikre full barnehagedekning og god kvalitet i barnehagetilbodet, oppgradere dei kommunale barnehagane, arbeide for heilskap og samanheng barnehage/skule/ andre tenester.

Skule: tilpasse skuleareal og skuledrift i alle krinsar til mogleg endra behov, innføring av fagfornyinga, vidareutvikle teknologisatsinga, sikre god kvalitet i opplæringa, tilpassing til ny opplæringslov.

PPT: yte gode tenester til samarbeidskommunane, vidareutvikle system for kompetanseheving og organisasjonsutvikling knytt til barnehagar og skular, tilpassing til ny opplæringslov.

Kulturskulen: vidareutvikle kvalitet i tilboda, vere synleg i samfunnet, gi eit godt og variert tilbod til alle som ønsker det.

IMU: tiltak for å motverke utanforskap, gode ordningar/samarbeid for varig tilknyting til arbeidslivet for brukarane, tilpassing til ny integreringslov, tilpasse drift til mogleg redusert behov for tenester.

Kultur: vidareutvikle godt samspel med frivillig sektor, legge til rette for eit godt og variert kulturtilbod, ha fokus på folkehelse, utanforskap og ungdomsarbeid, drifte eksisterande anlegg på ein god måte, legge til rette for etablering av nye anlegg ved behov.



KOMMUNALSJEF ARNE RUNAR VIK

Teknisk etat

Teknisk etat har ansvar for følgande:

Plan- og bygningsavdelinga

Plan, byggesak, geodata, miljøvern

Anleggs- og driftsavdelinga

Veg, vann, avløp, grøntanlegg, hamn og utbyggingsprosjekt innanfor desse fagfelta

Hareid og Ulstein brannvesen

Brann- og ulykkesberedskap inkludert beredskap mot akutt forureining, brannførebyggande arbeid, feiing og tilsyn med fyringsanlegg

Kommunalsjef teknisk

Sal av kommunale bustad- og industritor, Husbanken sine låne- og tilskotsordningar, grunnerverv og sal av kommunal grunn

SATSINGSMÅRÅDE

- ▶ Fullføre områdeplan for Ulsteinvik sentrum
- ▶ Gjennomføre planprosessar som sikrar medverknad, berekraftig utvikling og framtidssretta løysingar
- ▶ Ta i bruk ny brannstasjon
- ▶ Vidareføre endringa til behovsprøvd feiing
- ▶ Gjennomføre vedtekne investeringsprosjekt innanfor godkjende rammer
- ▶ Opplæring og kompetanseheving hos tilsette
- ▶ Bruk av eByggesak og digitale løysingar for å yte god service til innbyggjarar og næringsliv



Førebyggande avdeling, f.v.: Live Gandborg, Marte Rewentlov Hansen og Ivan Brandal. Foto: Janne-Marit Myklebust

BRANNVESEN

Ny brannstasjon vert ferdig kring årsskiftet 2021/2022. Sette i drift stasjonen og få på plass alle naudsynte rutinar og arbeidsmåtar vert viktig i første halvår. Det nye anlegget er eit kjempeløft for brannvesenet, spesielt med tanke på arbeidsmiljø og tryggleik.

Brannvesenet skal ta del i nasjonale brannførebyggande kampanjar. Feie- og tilsynstenestene i bustader skal legge behovsprøving til grunn for verksemda slik vi har starta med dei siste par åra.

PLAN- OG BYGGESEN, GEODATA, KOMMUNALE TOMTER

Plan- og bygningsavdelinga skal satse på teknologisk vidareutvikling og gjennom dette yte god service til brukarane. Fullføring av områdeplan for Ulsteinvik sentrum må verte gitt prioritert. Tomter i bustadfeltet på Skeide har vorte tilgjengelege for sal. Oppmåling, tomtesal og byggesaker i feltet vert sentrale oppgåver i 2022.

ANLEGG OG DRIFT

Anleggs- og driftsavdelinga vil jobbe kontinuerleg for å få mest mogeleg ut av tilgjengelege midlar på alle område. Fullføring av fjerde etappe av ny vassleidning frå Garsholhaugen til sentrum er det største einskildprosjektet dette året. Det vil verte lagt opp til lågare investeringsnivå innanfor vassforsyning enn det som har vore vanleg det siste tiåret. Det same gjeld avløpstestene, men der kan det også kome kostnadskrevjande tiltak som vi i dag ikkje har full oversikt over, jf. pågående resipientundersøking.

Driftsbudsjett for etatane

FOLKEVALDE

	REKNESKAP 2020	BUDSJETT 2021	BUDSJETT 2022	BUDSJETT 2023	BUDSJETT 2024	BUDSJETT 2025
Sum utgifter	4 214 180	4 294 350	3 956 810	4 156 810	3 956 810	4 206 810
Sum inntekter	-54 348	-112 742	-58 625	-58 625	-58 625	-58 625
FOLKEVALDE	4 159 832	4 181 608	3 898 185	4 098 185	3 898 185	4 148 185

SENTRALADMINISTRASJONEN

	REKNESKAP 2020	BUDSJETT 2021	BUDSJETT 2022	BUDSJETT 2023	BUDSJETT 2024	BUDSJETT 2025
Sum utgifter	47 282 746	37 426 164	39 745 961	41 181 581	40 566 581	40 566 581
Sum inntekter	-9 302 847	-7 216 757	-6 812 159	-6 752 159	-6 752 159	-6 752 159
SENTRALADM., KYRKJE M.M.	37 979 899	30 209 407	32 933 802	34 429 422	33 814 422	33 814 422

HELSE OG OMSORG

	REKNESKAP 2020	BUDSJETT 2021	BUDSJETT 2022	BUDSJETT 2023	BUDSJETT 2024	BUDSJETT 2025
Sum utgifter	273 333 451	253 349 815	247 626 780	248 826 780	251 126 780	251 126 780
Sum inntekter	-69 559 157	-48 778 662	-41 713 184	-41 713 184	-41 713 184	-41 713 184
HELSE OG OMSORG	203 774 294	204 571 153	205 913 596	207 113 596	209 413 596	209 413 596

OPPVEKST OG KULTUR

	REKNESKAP 2020	BUDSJETT 2021	BUDSJETT 2022	BUDSJETT 2023	BUDSJETT 2024	BUDSJETT 2025
Sum utgifter	324 727 631	330 020 137	331 564 483	326 573 483	322 497 483	322 497 483
Sum inntekter	-61 518 523	-56 801 445	-52 503 698	-52 503 698	-52 503 698	-52 503 698
OPPVEKST OG KULTUR	263 209 109	273 218 692	279 060 785	274 069 785	269 993 785	269 993 785

TEKNISK ETAT

	REKNESKAP 2020	BUDSJETT 2021	BUDSJETT 2022	BUDSJETT 2023	BUDSJETT 2024	BUDSJETT 2025
Sum utgifter	59 472 375	61 084 780	63 342 162	64 484 894	64 844 894	66 072 894
Sum inntekter	-47 912 050	-46 034 035	-43 650 562	-44 858 562	-45 573 562	-46 852 562
TEKNISK ETAT	11 560 324	15 050 745	19 691 600	19 626 332	19 271 332	19 220 332



Økonomiske oversikter

KOMMENTARAR TIL OVERSIKTENE

DRIFTSBUDSJETTET (SKJEMA 1A)

DRIFTSBUDSJETTET FORDELT PÅ ETATAR (SKJEMA 1B)

INVESTERINGSBUDSJETTET (SKJEMA 2A)

FORDELING AV INVESTERINGSBUDSJETTET (SKJEMA 2B)

ØKONOMISK OVERSIKT ETTER ART – DRIFT

GRUPPERING AV TILTAK

Kommentarar til oversiktene

FRIE INNTEKTER, FINANSPOSTAR MED MEIR


Inndelinga av kommentarane her følger oppdelinga i budsjettet. Budsjettet er utarbeidd i faste prisar. Der ligg ingen korrekjon for prisauke eller lønsauke på utgiftssida utover at antatt lønsvekst for 2021 er lagt inn med heilårsverknad for 2022. Det er heller ikkje lagt inn kompensasjon for prisstigning på inntektsida.

RAMMETILSKOT OG SKATT

Grunnlaget for utrekning av rammetilskotet er innbyggartalet per 1. juli 2021. For budsjettåret 2022 vil det vere folketalet per 1.1. 2022 som gjeld for utrekning av gjennomsnittleg skatteinntekt per innbyggjar og dermed også for inntektsutjamninga.

Med omsyn til skatteanslaget for økonomiplanperioden er det lagt til grunn ein skatteinngang per innbyggjar lik landsgjennomsnittet og ein reduksjon i folketalet i 2021. I starten av oktober var det 8533 innbyggjarar i kommunen, 42 færre enn ved nyttår.

Med omsyn til skatteinntekta per innbyggjar har denne dei fem siste åra vore tilnærma lik landsgjennomsnittet, sjå figuren under:



Utviklinga hittil i år ligg litt under dei fem siste åra, og det er difor også neste år rekna med ein skatteinngang lik landsgjennomsnittet i økonomiplanperioden. Ein kommune på storleik med Ulstein vil tape omlag 1,2 mill. kr for kvart prosentpoeng vi sakkar akterut i høve landsgjennomsnittet.

I høve til økonomiplanen for 2021 – 2024 er det ein samla auke i skatt og rammetilskot på 25,363 mill. kr for 2022. Det er lagt inn ein forventa auke på 2 mill. kr i rammetilskotet som følge av tilleggsproposisjonen som den nye regjeringa legg fram i november. Dei endelige rammene for rammetilskotet er ikkje avklart før budsjettvedtaket er gjort før jul i Stortinget.

Eigedomsskatt vart innført i Ulstein kommune i 2018 med ein sats på 2 promille. Frå og med 2020 vart det vedteke å redusere eigedomsskattesatsen til 1,75 promille. I kommunedirektøren si tilråding vert det foreslått å auke satsen tilbake til 2 promille for heile økonomiplanperioden, med ei forventa inntekt på 14 mill. kr i 2022.

INNBYGGARTILSKOT

Tilskot per innbyggjar for utgiftsutjamning er kr 26 133 i 2022. Innbyggartalet som er lagt til grunn er talet per 1.7. 2021 (8 576). For meir informasjon sjå: [Frie inntekter for Ulstein Kommune](#).

UTGIFTSUTJAMNING (JUSTERING UT FRÅ KOR KOSTNADSKREVJANDE DET ER Å DRIFTE KOMMUNEN)

Denne delen av rammetilskotet vert rekna ut frå variablar som mellom anna går på alderssamsetning, nokre sosioøkonomiske kriterium, talet på psykisk utviklingshemma, reisetid til sentrum m.m. Ulstein kommune sin del i det enkelte kriteriet vert vekta opp mot landsgjennomsnittet. Ligg vi over snittet vert vi kompensert, ligg vi under snittet vert vi trekt. I 2022 ligg kostnadsindeksen på 1,0114, mens han låg på 0,9988 for 2021. Dette gjer at vi går frå eit trekk på 595 000 i 2021, til ein kompensasjon på 5 775 800 i 2022. Det som dreg opp for Ulstein i 2022 er aldersgruppene frå 0 til 22 år (spesielt aldersgruppa 16-22 år), i tillegg til kriteria Basistillegg/Innvandrar 6 til 15 år/PU over 16 år. På dei andre kriteria ligg vi under snittet, men totalt sett har vi eit større utgiftsbehov per innbyggjar enn landsgjennomsnittet slik det vert rekna ut etter inntektssystemet.

BEREKNING AV UTGIFTSBEHOV - TILLEGG/TREKK I KRONER FOR ÅR 2022 (UTGIFTSUTJAMNANDE TILSKOT)

	HEILE LANDET		ULSTEIN			BRUK AV FOLKETAL 1.7.2021	
	Vekt	Tal på	Tal på	Utgifts-behovsindeks	Pst. utslag	Tillegg/frådrag i utgiftsutj	
						kr per innb.	1000 kr
0-1 år	0,0057	108 843	178	1,0301	0,02 %	10	87
2-5 år	0,1355	232 622	397	1,0750	1,02 %	600	5 146
6-15 år	0,2632	639 962	1 077	1,0600	1,58 %	933	8 004
16-22 år	0,0236	451 409	860	1,2000	0,47 %	279	2 391
23-66 år	0,1051	3 106 418	4 746	0,9623	-0,40 %	-234	-2 006
67-79 år	0,0570	623 431	948	0,9578	-0,24 %	-142	-1 219
80-89 år	0,0775	192 104	297	0,9738	-0,20 %	-120	-1 028
over 90 år	0,0389	47 036	73	0,9776	-0,09 %	-52	-442
Basistillegg	0,0159	275	0,5676	1,3018	0,48 %	283	2 431
Sone	0,0100	21 146 080	23 257	0,6927	-0,31 %	-182	-1 557
Nabo	0,0100	9 629 999	14 823	0,9696	-0,03 %	-18	-154
Landbrukskriterium	0,0021	1	0,0010	0,6034	-0,08 %	-49	-422
Innvandrarar 6-15 år ekskl Skandinavia	0,0070	49 484	84	1,0692	0,05 %	29	245
Flyktninger utan integreringstilskot	0,0082	163 698	179	0,6888	-0,26 %	-151	-1 293
Dødelegheit	0,0459	40 469	56	0,8716	-0,59 %	-348	-2 986
Barn 0-15 med einslege forsørgarar	0,0186	110 975	142	0,8060	-0,36 %	-213	-1 828
Lavinntekt	0,0117	286 977	372	0,8165	-0,21 %	-127	-1 088
Uføre 18-49 år	0,0063	119 344	133	0,7020	-0,19 %	-111	-951
Opphopningsindeks	0,0093	169	0,1822	0,6794	-0,30 %	-176	-1 510
Aleinebuande 30-66 år	0,0189	502 421	620	0,7773	-0,42 %	-249	-2 132
PU over 16 år	0,0491	19 939	46	1,4531	2,22 %	1 314	11 272
Ugife 67 år og over	0,0459	377 824	507	0,8452	-0,71 %	-420	-3 599
Barn 1 år utan kontantstøtte	0,0165	38 895	55	0,8826	-0,19 %	-114	-981
Innbyggjarar med høgare utdanning	0,0181	1 496 396	2 219	0,9340	-0,12 %	-71	-605
1 KOSTNADSINDEKS	1,0000			1,01140	1,14 %	673	5 776

(TILLEGG/TREKK KR PR INNB.)

Alle tal i 1000 kr

2 Tillegg/trekk (omfordeling) for kommunen i 1000 kr

5 776

3 Nto.virkn. statl/priv. skular

2 860**4 Sum utgiftsutj. mm (2+3)****8 636**

Gjennomsnittleg berekna utgiftsbehov i kr per innbyggjar:

59 073

Ser vi på korleis utgiftsutjamninga har endra seg det siste året etter sektorområda i inntektssystemet, er det ei klar dreieing frå grunnskule over mot pleie og omsorg (sjå tabellen under):

DOKUMENTASJON AV UTGIFTSUTJAMNINGA 2022 (OG ENDRING 2021-22) FORDELT PÅ SEKTORMRÅDE					
ULSTEIN	2022			ENDRING 2021-2022	
	Sektorvekt (landet)	Utgiftsbehovs-indeks	Tillegg/trekk i utgiftsutj. (1000kr)	Utgiftsbehovs-indeks	Sektorvekt (landet)
Barnehage	15,81 %	103,88 %	3 109	4,5 %	3 619
Administrasjon	8,05 %	102,57 %	1 048	0,1 %	79
Landbruk	0,21 %	60,34 %	-417	-0,4 %	-18
Grunnskule	25,33 %	105,51 %	7 076	-4,4%	-5 105
Pleie og omsorg	34,95 %	101,53 %	2 714	4,9 %	8 518
Kommunehelse	5,53 %	101,14 %	319	0,6 %	175
Barnevern	4,52 %	90,73 %	-2 125	-0,7 %	-450
Sosialtjeneste	5,6 %	79,15 %	-5 916	-0,6 %	-405
Kostnadsindeks	100,00%	101,14 %	5 776	1,3 %	6 371

INNTEKTSGARANTIORDNINGA (INGAR)

Inntektsgarantiordninga skal sikre enkelkommunar mot brå nedgang i rammetilskotet frå eit år til eit anna. Ordninga sikrar at ingen kommunar får ein vekst i rammetilskotet per innbyggjar som er mindre enn 400 kroner under veksten på landsbasis. På landsbasis var veksten i rammetilskotet per innbyggjar frå 2021 til 2022 1028 kr, mens Ulstein fekk ein vekst per innbyggjar på 1802 kr. Ulstein får difor ikkje tilført noko gjennom INGAR i 2022.

SKJØNNSTILSKOT

Skjønnstilskotet vert brukt til å kompensere kommunar for spesielle lokale forhold som ikkje vert fanga opp i den ordinære delen av inntektssystemet. For 2022 vert Ulstein tildelt 400 000 kr for særleg høge utgifter til ressurskrevjande tenestemottakarar. I høve 2021 er det ein reduksjon i skjønnstilskotet på -2,3 mill.kr.

INNTEKTSUTJAMNING

Det skjer ei inntektsutjamning gjennom rammetilskotet der kommunar som ligg under landsgjennomsnittet i skatt per innbyggjar vert kompensert opp mot landsgjennomsnittet.



Kommunar med inntekt over landsgjennomsnittet vert trekt 60 % av meirinntekta. I tillegg får alle kommunane eit trekk for å finansiere ordninga med ekstra 35% kompensasjon opp til 90% av landsgjennomsnittet (sjå illustrasjon).

AVKASTNING OG AKSJEUTBYTTE

Det er lagt inn ei forventa avkastning på plassering av langsigktig og kortsiktig likviditet på 6,227 mill. kr. Kortsiktig likviditet vert plassert i bank hos hovudbanken (for tida Sparebank 1 Søre Sunnmøre), mens langsiktige midlar er til aktiv forvaltning hos Odin Forvaltning. I økonomiplanperioden er det budsjettert med ei inntekt frå Ulstein Fjernvarme AS for leige av infrastruktur på 0,6 mill. kr per år. I gjeldande avtale med Ulstein Fjernvarme AS er leigekostnaden knytt til den økonomiske utviklinga i selskapet. Det vil i løpet av 2022 verte utarbeidd ein ny avtale som regulerer forholda mellom kommunen og selskapet.

LÅNEGJELD, RENTER OG AVDRAGSUTGIFTER

Ulstein kommune si lånegjeld ved utgangen av september 2021 er på 670,3 mill. kr. Samla lånegjeld for konsernet er på 1 647,3 mill. kr. Målt per innbyggjar eller opp mot kommunen si inntekt er dette svært høgt. Sjå elles grafen under for utviklinga i netto lånegjeld (langsiktig lånegjeld minus lån til vidare utlån og unytta lånemidlar) for perioden 2010-2020:



I perioden fra 2011-2020 har netto rente- og avdragsbelastning for konsernet auka frå 28,86 mill. kr i 2011 til 76,25 mill. kr i 2020. Målt i prosent av brutto driftsinntekter for konsernet har rente- og avdragsbelastninga auka frå 5,95 % i 2011 til 9,93 % i 2020.

I økonomiplanperioden er det budsjettert med låneneopptak på 87,225 mill. kr i kommunekassa (182,465 mill. kr i konsernet). Av dette er 24 mill. kr knytt til lån til vidare utlån og 32 mill. kr knytt til investeringar i sjølvkostområdet. Dei investeringane det er knytt størst låneneopptak til på konsernnivå er nye omsorgsbustader (50,8 mill. kr), ny barnehage (35,24 mill. kr) og Helseplattformen (14,8 mill. kr).

RENTER

Vekta gjennomsnittsrente for Ulstein kommune per september 2021 er 0,95 %. Kommunen har langsigtig rentesikring (utover eit år) på 28,1 % av gjelda per september 2021. Vekta rentebindingstid er 0,99 år. For eigedomsselskapet er vekta gjennomsnittsrente 1,53 %, mens 50,9 % av låna har bindingstid utover eit år og vekta rentebindingstid er 5,6 år. Det vil i samband med økonomiplanprosessen verte lagt fram ei eiga sak om rentestrategi for politisk behandling.

AVDRAG

Ulstein kommune betaler avdrag etter minsteavdragsprinsippet. Minsteavdraget vert rekna ut etter prosentvis avskriving i høve til bokført verdi og ganga opp med netto lånegjeld. Minsteavdraget for 2022 er budsjettert til 26,1 mill. kr i kommunekassa.

Avdrag for UEKF vert budsjettert i selskapet sitt budsjett. For 2022 er det budsjettert med 29,2 mill. kr i minsteavdrag.

Minsteavdrag i 2022 er rekna ut frå balanseverdiar per 1.1 2022. Det er difor eit visst etterslep før investeringar slår ut med full verknad i minsteavdraget.

EKSPONERING GJELD OG RENTERISIKO

Ulstein har den nest høgste netto lånegjelda i Noreg målt i prosent av brutto driftsinntekter med 187,8 %. Snittet for Møre og Romsdal er på 110,8 %, mens den for landet er på 89,9 %.

Ei slik høg eksponering stiller krav til rentesikring. Det vart gjennomført ei omfattande rentesikring i eigedomsselskapet og kommunen for nokre år sidan. I tillegg vart det i 2019 inngått tre nye rentebytteavtalar med framtidig oppstart på til saman 427 mill. kr. Dette gjer at store deler av gjelda er rentesikra godt ut over økonomiplanperioden. Rentesikring vil normalt auke rentekostnaden, men avgrense kostnaden ved ei brå rentestigning. Høg gjeld gir også utfordringar med at ein stor del av driftsinntektene går til renter og avdrag. Dette stiller høge krav til kostnadseffektiv drift i kommunen.

ØKONOMISKE STYRINGSINDIKATORAR

Kommunestyret vedtok i mars 2018 følgande styringsindikatorar ved budsjettering for å kunne betre dei finansielle nøkkeltala/få ned lånegjelda:

- ▶ Netto driftsresultat skal minimum vere 1,75 % av driftsinntektene etter råd frå TBU
- ▶ Driftsfondet skal byggast opp til 7,5 % av brutto driftsinntekt, det vil sei om lag 54 mill.kr.
- ▶ Minimum 20 % eigenkapital for lånefinansierte investeringar der driftsinntektene ikkje dekker driftskostnadar og renter/avdrag frå første fulle driftsår
- ▶ Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal vere på snittet i Møre og Romsdal innan 15 år

I kommunestyremøtet i oktober 2021 vart styringsindikatoren knytt til utviklinga av lånegjeld endra til at nedbetaling av gjeld skal verte prioritert, og at nedbetaling av gjeld skal kome fram av økonomiplanvedtaket. For økonomiplanperioden 2022-2025 vart det vedteke ei netto nedbetaling av gjeld på 90 mill.kr. Som det går fram av innleiinga til kommunedirektøren er det ikkje mogleg å innfri dette kravet ettersom det i same møtet vart vedteke å innarbeide i økonomiplanen utbyggingsprosjekt for nye omsorgsbustader, Helseplattformen og/eller utbygging/rehabilitering av Sundgotmarka barnehage.


Dessverre stetter heller ikkje i år kommunedirektøren sitt budsjettframlegg kravet om at netto driftsresultat minimum skal vere 1,75 % av driftsinntektene. Negativ folketalsvekst, reduserte inntekter som følge av redusert busetting av flyktningar, lav vekst i skatteinntektene målt opp mot landssnittet, høg utgiftsvekst innan

pleie- og omsorgssektoren og høg rente- og avdragsbelastning sett opp mot inntekta er blant dei mest sentrale årsakene.

På konsernnivå utgjorde disposisjonsfondet 5,3 % av driftsinntektene ved inngangen til 2020, og det mangla difor 16,65 mill.kr. for å stette kravet om at driftsfondet skal utgjere 7,5 % av brutto driftsinntekt. Økonomiplanperioden sett under eitt er det budsjettert med ei samla avsetting til disposisjonsfondet på 1,9 mill.kr på konsernnivå, slik at det er lite truleg at vi når dette målet i løpet av dei neste fire åra. Kravet om minimum 20 % eigenkapitalfinansiering av investeringane er stetta, sjå likevel avsnittet under om forventa utvikling i kapital- og driftsfondet.

FORVENTA UTVIKLING I BRUTTO LÅNEGJELD

Figuren under illustrerer forventa utvikling i brutto lånegjeld i økonomiplanperioden:



I figuren over er det ikkje tatt omsyn til ekstraordinære avdrag som følge av tomtsal på Skeide eller tippemiddeltildeling frå fylket for Ulstein Arena, sidan det er knytt stor usikkerheit til når desse inntektene kjem. Ser vi vekk frå dette, er det venta ein nedgang i brutto lånegjeld på om lag 55-60 mill. kr i perioden.

PRISVEKST OG LØNNSVEKST

Det er ikkje tilført midlar til kompensasjon for prisauke i økonomiplanen. Det ligg dermed ein reell reduksjon i driftsrammene for den enkelte eining på dette området i den grad dei ikkje kan kompensere for prisauken med auka inntekt. For lønsauke er det gitt kompensasjon for heilårsverknaden av lønsauke frå 2021 inn i 2022-budsjettet.

PENSJON

Samla pensjonskostnad for 2022 er budsjettert til 32,4 mill. kr. Det er sett av 4,9 mill. kr til kostnadsføring (amortisering) av tidlegare års premieavvik. Premieavviket er skilnaden mellom det beløpet kommunen må betale til KLP/SPK og den

pensjonskostnaden kommunen skal registrere i rekneskapen. Premieavviket er dermed betalt, slik at det belastar likviditeten, men er ikkje ført som kostnad i kommunerekneskapen.

Ved utgangen av 2020 var det samla premieavviket 30,4 mill. kr. I 2021 vil tidlegare års premieavvik verte kostnadsført med om lag 7,8 mill. kr (eksklusiv arbeidsgivaravgift).

TILLEGGSLØYVING

Avsetting til tilleggsløyving er kr 550 000 for 2022. Det er formannskapet som disponerer denne posten. I tillegg er det sett av kr 50 000 til tildeling til lag og organisasjoner etter søknad. Vedtak om fordeling er lagt til levekårsutvalet.

DRIFTSFOND OG KAPITALFOND

Kapitalfondet er på 31,7 mill. kr ved inngangen til 2021. Truleg vil vi nytte omlag 20 mill. kr av kapitalfondet i 2021. Over økonomiplanperioden er det budsjettert med å bruke ytterlegare 21,6 mill. kr av ubundne fond til eigenkapitalfinansiering av investeringar. Det betyr at vi i løpet av 2023 vil måtte bruke av driftsfondet for å tilfredsstille kravet om 20 % eigenkapitalfinansiering, med der tilhøyrande svekking av disposisjonsfondet.

Driftsfondet i kommunekassa er på 29,6 mill. kr ved inngangen til 2021. I UEKF utgjer driftsfondet 9,7 mill. kr. For 2021 er det på konsernnivå venta ei lita påplussing på disposisjonsfondet, men i all hovudsak skuldast dette rekordhøge meirskatteinntekter på landsnivå. Økonomiplanperioden sett under eitt er det på konsernnivå budsjettert med ei samla avsetting på 1,9 mill. kr til disposisjonsfondet, men den forventa bruken av disposisjonsfondet til investeringar mot slutten av perioden gjer at det totalt sett er venta ei svekking av driftsfondet. Med den høge gjelda Ulstein kommune har, burde kommunen ideelt sett bygge opp eit større driftsfond enn andre kommunar for å sikre seg mot endringar i rentenivået.

LIKVIDITET

Likviditeten i konsernet er i dag tilfredsstillende, men kravet om 20 % eigenkapitalfinansiering av investeringar vil gradvis føre til ei svekking av likviditeten. Eit positivt premieavvik vil også føre til redusert likviditet. I kommunekassa har vi også ein langsiktig portefølje på om lag 49 mill.kr til aktiv forvaltning som heilt eller delvis kan verte trekt inn etter behov.



Utbygging av nytt kommunalt bustadfelt på Skeide. Foto: Odd Kåre Wiik

Driftsbudsjettet (skjema 1A)

SKJEMA 1A						
	Rekneskap Tal i 1 kroner	Justert budsjett 2020	Økonomiplan 2021	Økonomiplan 2022	Økonomiplan 2023	Økonomiplan 2024
GENERELLE DRIFTSINNTEKTER						
Rammetilskot	-228 596 165	-228 895 000	-236 844 000	-236 844 000	-236 844 000	-236 844 000
Inntekts- og formuesskatt	-276 617 561	-284 269 000	-293 306 000	-293 306 000	-293 306 000	-293 306 000
Eigedomsskatt	-11 789 740	-13 470 000	-14 000 000	-14 200 000	-14 400 000	-14 400 000
Andre generelle driftsinntekter	-20 334 209	-15 365 400	-13 178 767	-12 239 767	-10 939 767	-10 939 767
Sum generelle driftsinntekter	-537 337 675	-541 999 400	-557 328 767	-556 589 767	-555 489 767	-555 489 767
NETTO DRIFTSUTGIFTER						
Sum beillingar til drift, netto	510 186 658	513 542 603	527 223 969	524 917 321	521 874 321	521 824 321
Avskrivningar	23 025 454	0	23 344 306	23 344 306	23 344 306	23 344 306
Sum netto driftsutgifter	533 212 112	513 542 603	550 568 274	548 261 626	545 218 626	545 168 626
Brutto driftsresultat	-4 125 564	-28 456 797	-6 760 493	-8 328 141	-10 271 141	-10 321 141
FINANSINNTEKTER/FINANSUTGIFTER						
Renteinntekter	-2 046 224	-1 147 000	-2 147 000	-2 147 000	-2 147 000	-2 147 000
Utbytte	-1 207 620	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
Gevinst og tap på finansielle omløpsmidler	-1 824 923	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
Renteutgifter	10 677 923	6 967 050	10 037 071	10 029 527	10 465 873	10 465 873
Avdrag på lån	22 866 781	24 752 582	26 058 982	26 310 382	26 920 382	26 920 382
Netto finansutgifter	28 465 937	27 572 632	30 949 053	31 192 909	32 239 255	32 239 255
Motpost avskrivningar	-23 025 454	0	-23 344 306	-23 344 306	-23 344 306	-23 344 306
Netto driftsresultat	1 314 919	-884 165	844 255	-479 537	-1 376 191	-1 426 191
DISPONERING ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT						
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	8 539 166	2 355 375	-1 183 858	-1 480 858	-1 141 858	-1 109 858
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-9 854 085	-1 471 208	339 603	1 960 395	2 518 049	2 536 049
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-1 314 919	884 167	-844 255	479 537	1 376 191	1 426 191
FRAMFØRT TIL DEKNING SEINARE ÅR (MEIRFORBRUK)	0	2	0	0	0	0
KONTROLLSUM ART 980 REKNESKAPSMESSIG MEIRFORBRUK	0	0	0	0	0	0

Driftsbudsjettet fordelt på etatar (skjema 1B)

SKJEMA 1B		DRIFTSBUDSJETTET FORDELT PÅ ETATAR				
Tal i kroner	Rekneskap 2020	Justert budsjett 2021	Økonomiplan 2022	Økonomiplan 2023	Økonomiplan 2024	Økonomiplan 2025
TIL FORDELING DRIFT	510 186 658	513 542 603	527 223 969	524 917 321	521 874 321	521 824 321
Inntekter	-54 348	-112 742	-58 625	-58 625	-58 625	-58 625
Utgifter	4 214 180	4 294 350	3 956 810	4 156 810	3 956 810	4 206 810
FOLKEVALDE	4 159 832	4 181 608	3 898 185	4 098 185	3 898 185	4 148 185
Inntekter	-9 302 847	-7 216 757	-6 812 159	-6 752 159	-6 752 159	-6 752 159
Utgifter	47 282 746	37 426 164	39 745 961	41 181 581	40 566 581	40 566 581
SENTRALADM.,KYRKJE MM	37 979 899	30 209 407	32 933 802	34 429 422	33 814 422	33 814 422
Inntekter	-61 518 523	-56 801 445	-52 503 698	-52 503 698	-52 503 698	-52 503 698
Utgifter	324 727 631	330 020 137	331 564 483	326 573 483	322 497 483	322 497 483
OPPVEKST	263 209 109	273 218 692	279 060 785	274 069 785	269 993 785	269 993 785
Inntekter	-47 912 050	-46 034 035	-43 650 562	-44 858 562	-45 573 562	-46 852 562
Utgifter	59 472 375	61 084 780	63 342 162	64 484 894	64 844 894	66 072 894
TEKNISK ETAT	11 560 324	15 050 745	19 691 600	19 626 332	19 271 332	19 220 332
Inntekter	-69 559 157	-48 778 662	-41 713 184	-41 713 184	-41 713 184	-41 713 184
Utgifter	273 333 451	253 349 815	247 626 780	248 826 780	251 126 780	251 126 780
HELSE OG OMSORG	203 774 294	204 571 153	205 913 596	207 113 596	209 413 596	209 413 596
Inntekter	-1 222 199	-2 740 987	-1 680 000	-1 680 000	-1 680 000	-1 680 000
Utgifter	-9 274 601	-10 948 013	-12 594 000	-12 740 000	-12 837 000	-13 086 000
SKATT OG RAMMETILSKOT	-10 496 800	-13 689 000	-14 274 000	-14 420 000	-14 517 000	-14 766 000
NETTO FOR ALLE KOMMUNALOMRÅDE	510 186 658	513 542 605	527 223 968	524 917 320	521 874 320	521 824 320



Koronapandemien har prega også 2021. Koronavennleg heiagjeng på rådhuset helsar ut til vinnarane av nyskaparprisen som vart feira på rådhusmarka. Foto: Janne-Marit Myklebust

Investeringsbudsjettet (skjema 2A)

SKJEMA 2A						
Tal i 1 kroner	Rekneskap 2020	Justert budsjett 2021	Økonomiplan 2022	Økonomiplan 2023	Økonomiplan 2024	Økonomiplan 2025
INVESTERINGSUTGIFT						
Investeringar i varige driftsmiddel	59 247 734	76 499 554	18 875 000	27 350 000	35 750 000	8 000 000
Tilskot til andre sine investeringar	7 000 000	14 300 000	3 500 000	0	0	8 810 000
Investering i aksjar og eigardelar i selskap	5 412 875	0	0	0	0	0
Utlån av eigne midlar	0	5 700 000	0	0	0	0
Avdrag på lån	4 475 934	22 906 274	30 850 000	30 850 000	0	0
Sum investeringsutgift	76 136 543	119 405 828	53 225 000	58 200 000	35 750 000	16 810 000
INVESTERINGSINNTEKT						
Kompensasjon for meirverdiavgift	-4 671 696	-10 205 608	-2 175 000	-1 870 000	-5 550 000	0
Tilskot frå andre	-9 148 379	-6 205 127	-2 750 000	-3 608 000	-1 485 000	-5 950 000
Sal av varige driftsmiddel	-2 022 247	-22 069 444	-30 850 000	-30 850 000	0	0
Sal av finansielle anleggsmidlar	-540 000	0	0	0	0	0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0	0	0
Mottekne avdrag på utlån av eigne midlar	-3 920 467	0	0	0	0	0
Bruk av lån	-44 847 739	-61 342 951	-12 390 000	-18 560 000	-24 275 000	-8 000 000
Sum investeringsinntekt	-65 150 528	-99 823 130	-48 165 000	-54 888 000	-31 310 000	-13 950 000
VIDAREUTLÅN						
Vidareutlån	6 627 135	11 372 865	6 000 000	6 000 000	6 000 000	6 000 000
Bruk av lån til vidareutlån	-6 627 135	-11 372 865	-6 000 000	-6 000 000	-6 000 000	-6 000 000
Avdrag på lån til vidareutlån	2 654 866	0	0	0	0	0
Mottekne avdrag på vidareutlån	-3 029 187	0	0	0	0	0
Netto utgift vidareutlån	-374 321	0	0	0	0	0
OVERFØRING FRÅ DRIFT OG NETTO AVSETTINGAR						
Overføring frå drift	0	0	0	0	0	0
Netto avsettingar til eller bruk av bundne investeringsfond	-1 034 119	0	0	0	0	0
Netto avsettingar til eller bruk av ubundne investeringsfond	-9 577 575	-19 582 698	-5 060 000	-3 312 000	-4 440 000	-2 860 000
Dekning av tidlegare års udekte beløp	0	0	0	0	0	0
Sum overføring frå drift og netto avsettingar	-10 611 694	-19 582 698	-5 060 000	-3 312 000	-4 440 000	-2 860 000
FRAMFØRT TIL INNDEKNING I SEINARE ÅR (UDEKT BELØP)						
KONTROLLSUM ART 980 REKNESKAPMESSIG MEIRFORBRUK	0	0	0	0	0	0
OVERFØRING TIL FORDELING (§ 5-5, ANDRE LEDD)						
Inntekter til fordeling	0	0	0	0	0	0
Utgifter til fordeling	71 660 609	96 499 554	22 375 000	27 350 000	35 750 000	16 810 000
Sum til fordeling (netto)	71 660 609	96 499 554	22 375 000	27 350 000	35 750 000	16 810 000

Fordeling av investeringsbudsjettet (skjema 2B)

SKJEMA 2B				
	Økonomiplan Tal i 1 kroner 2022	Økonomiplan 2023	Økonomiplan 2024	Økonomiplan 2025
FRÅ BEVILLINGSOVERSIKT:				
Investeringar til fordeling (netto)	22 375 000	27 350 000	35 750 000	16 810 000
FORDELING PÅ PROSJEKT/OMRÅDE				
Gravplass - grunnerverv/arkeologi	0	10 000 000	2 500 000	0
Nytt HR økonomisystem	1 250 000	0	0	0
Solskjerming Reiten	300 000	0	0	0
Solskjerming rådhuset	400 000	0	0	0
Vedlikehald Ulstein kyrkje	1 125 000	1 150 000	0	0
Sikring av gravplassar på Osnes og på Ulstein	0	0	750 000	0
Sentraladm.,kyrkje mm	3 075 000	11 150 000	3 250 000	0
Ny barnehage	0	0	0	8 810 000
Ventilasjonsanlegg Sundgotmarka	600 000	0	0	0
Ventilasjonsanlegg Ulstein ungdomsskule	400 000	0	0	0
Oppgradering Almejordet barnehage	600 000	0	0	0
Oppvekst	1 600 000	0	0	8 810 000
Digitalisering av byggesaksarkiv	1 625 000	0	0	0
Investering vatn 2022-2025	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000
Investering avløp 2022-2025	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Sikring av bossplass Fløstrand	1 000 000	0	0	0
Automatisk måling av veglys	625 000	0	0	0
Teknisk etat	11 250 000	8 000 000	8 000 000	8 000 000
Pasientvarsling Alvehaugen	6 250 000	0	0	0
Pasientvarsling Holsekerdalen 20 og 22	0	8 200 000	0	0
Pasientvarsling Sjøsida	0	0	3 375 000	0
Helseplattforma	0	0	21 125 000	0
Nye omsorgsbustadar inkl. forprosjekt	200 000	0	0	0
Helse og Omsorg	6 450 000	8 200 000	24 500 000	0
SUM FORDELT	22 375 000	27 350 000	35 750 000	16 810 000

Økonomisk oversikt etter art – drift

ØKONOMISK OVERSIKT - DRIFT 2020, ULSTEIN KOMMUNE						
Tal i 1 kroner	Rekneskap 2020	Justert budsjett 2021	Økonomiplan 2022	Økonomiplan 2023	Økonomiplan 2024	Økonomiplan 2025
DRIFTSINNTEKTER						
Rammetilskot	-228 596 165	-228 895 000	-236 844 000	-236 844 000	-236 844 000	-236 844 000
Inntekts- og formuesskatt	-276 617 561	-284 269 000	-293 306 000	-293 306 000	-293 306 000	-293 306 000
Eigedomsskatt	-11 789 740	-13 470 000	-14 000 000	-14 200 000	-14 400 000	-14 400 000
Andre skatteinntekter	-33 767	-30 000	-33 767	-33 767	-33 767	-33 767
Andre overføringer og tilskot frå staten	-22 306 036	-15 335 400	-13 145 000	-12 206 000	-10 906 000	-10 906 000
Overføringer og tilskot frå andre	-108 128 686	-88 281 750	-70 893 349	-70 843 349	-70 854 349	-70 866 349
Brukarterbetalinger	-19 958 226	-20 705 859	-23 500 859	-23 500 859	-23 500 859	-23 500 859
Sals- og leigeinntekter	-58 329 157	-51 617 021	-50 944 021	-52 142 021	-52 846 021	-54 113 021
Sum driftsinntekter	-725 759 338	-702 604 030	-702 666 996	-703 075 996	-702 690 996	-703 969 996
DRIFTSUTGIFTER						
Lønsutgifter	332 002 524	317 139 469	315 138 889	315 035 560	314 016 780	314 298 850
Sosiale utgifter	78 307 364	83 085 940	81 741 826	82 851 155	82 743 935	82 812 865
Kjøp av varer og tenester	267 708 906	253 263 068	257 224 288	254 395 020	252 974 020	253 852 020
Overføringer og tilskot til andre	20 679 859	20 938 755	18 548 193	18 821 813	18 756 813	18 757 813
Avskrivningar	23 025 454	0	23 344 306	23 344 306	23 344 306	23 344 306
Sum driftsutgifter	721 724 108	674 427 232	695 997 502	694 447 854	691 835 854	693 065 854
BRUTTO DRIFTSRESULTAT	-7 124 365	-23 069 793	-15 681 300	-23 186 924	-27 330 302	-26 227 302
FINANSINNTEKTER/FINANSUTGIFTER						
Renteinntekter	-3 193 685	-2 227 000	-3 227 000	-3 227 000	-3 227 000	-3 227 000
Utbytte	-1 207 620	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
Gevinst og tap på finansielle omloppsmiddel	-1 824 923	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
Renteutgifter	11 735 051	7 767 050	11 026 071	11 409 527	12 129 873	12 128 873
Avdrag på lån	22 866 781	24 752 582	26 058 982	26 310 382	26 920 382	26 920 382
Netto finansutgifter	28 375 604	27 292 632	30 858 053	31 492 909	32 823 255	32 822 255
Motpost avskrivningar	-23 025 454	0	-23 344 306	-23 344 306	-23 344 306	-23 344 306
NETTO DRIFTSRESULTAT	1 314 919	-884 166	844 254	-479 538	-1 376 192	-1 426 192
DISPONERING ELLER DEKNING AV NETTO DRIFTSRESULTAT						
Overføring til investering	0	0	0	0	0	0
Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	8 539 166	2 355 375	-1 183 858	-1 480 858	-1 141 858	-1 109 858
Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	-9 854 085	-1 471 208	339 603	1 960 395	2 518 049	2 536 049
Dekning av tidlegare års meirforbruk	0	0	0	0	0	0
Sum disponeringar eller dekning av netto driftsresultat	-1 314 919	884 167	-844 255	479 537	1 376 191	1 426 191
FRAMFØRT TIL INNDEKNING I SEINARE ÅR (MEIRFORBRUK)	0	1	-1	-1	-1	-1
KONTROLLSUM ART 980 REKNESKAPSMESSIG MEIRFORBRUK	0	0	0	0	0	0

Gruppering av tiltak

GRUPPERING AV TILTAK 2022-2025	2022	2023	2024	2025
Endring skatt	-7 433 000	-7 433 000	-7 433 000	-7 433 000
Endring rammetilskot i forhold til framskriving	-15 930 000	-15 930 000	-15 930 000	-15 930 000
Forventa midlar ved tilleggsproposisjon ny regjering	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000
Justeret budsjett egedomsskatt gitt sats på 1,75%	1 470 000	1 470 000	1 470 000	1 470 000
Auke egedomsskatten med 0,25%	-1 750 000	-1 750 000	-1 750 000	-1 750 000
Sum auka inntekt skatt og rammetilskot	-25 643 000	-25 643 000	-25 643 000	-25 643 000
Kostnadar til forvaltning/drift av helsenettet	517 000	517 000	517 000	517 000
Auka budsjett barnevern (barnevernsreform)	2 049 475	2 049 475	2 049 475	2 049 475
Sum verknad av oppgåveendringer/innlemmingar	2 566 475	2 566 475	2 566 475	2 566 475
Heilårsverknad 2022-> sentralt lønnsoppgjer kapittel 4	4 355 346	4 355 346	4 355 346	4 355 346
Heilårsverknad 2022-> lokalt lønnsoppgjer kapittel 3 og 5	5 069 421	5 069 421	5 069 421	5 069 421
Heilårsverknad 2022-> lønnsoppgjer lærarar og sjukepleiarar	4 060 779	4 060 779	4 060 779	4 060 779
Sum heilårsverknad lønnsoppgjer	13 485 546	13 485 546	13 485 546	13 485 546
Val i 2025	-	-	-	250 000
Justeret budsjett kontrollutvalet	-21 191	-21 191	-21 191	-21 191
Driftstilskot Ulstein legesenter i samband med utbygging av legevaktlokal	500 000	500 000	500 000	500 000
Auka budsjett SSIKT	1 763 564	1 763 564	1 763 564	1 763 564
Estimert auka tilskot til private barnehagar	5 500 000	5 500 000	5 500 000	5 500 000
Auka refusjon frå fylket/andre kommunar PPT	-399 535	-399 535	-399 535	-399 535
Tilpassing tiltak helseplattforma frå ØPL 2020 - 2023	-1 300 000	-1 300 000	-	-
Redusert pensjon/arb.g.avg. i 2022 (større bruk av premiefond i 2021 enn antatt)	-3 000 000	-	-	-
Korreksjon husleige barneskulen UEKF	200 000	200 000	200 000	200 000
Korreksjon husleige ny brannstasjon UEKF	-76 032	89 700	104 700	119 700
Korreksjon husleige UEKF PPT	64 520	64 520	64 520	64 520
Husleige Almejordet barnehage UEKF	418 000	418 000	418 000	418 000
Korreksjon husleige kommunepsykolog UEKF	3 070	3 070	3 070	3 070
Korreksjon husleige Ulshaugen/Holsekerdalen UEKF	120 000	120 000	120 000	120 000
Korreksjon husleige Hovstøylvegen UEKF	230 400	230 400	230 400	230 400
Justering kommunale avgifter dekt av UEKF	35 925	35 925	35 925	35 925
Justeret inntekt grøntanlegg UEKF	115 500	115 500	115 500	115 500
Sum korrigeringar/justeringer	4 154 221	7 319 953	8 634 953	8 899 953
Reversere innsparingstiltak om å seie opp avtale med veterinær	75 000	75 000	75 000	75 000
Reversere optimalisering av kjøp av varer og tenester	300 000	600 000	750 000	750 000
Reduksjon i reiseaktivitet reversert tiltak	2 000 000	1 500 000	750 000	750 000
Redusert reise-/kursbudsjett (vert fordelt seinare)	-200 000	-200 000	-200 000	-200 000
Innsparingstiltak ut over tidlegare økonomiplan	2 500	-1 402 500	-3 402 500	-3 402 500
Reversering av/nye innsparingskrav	2 177 500	572 500	-2 027 500	-2 027 500
IKT-utstyr skulane	300 000	300 000	300 000	300 000
Vidareføring av utbygging av velferdsteknologi i helse og omsorgstenesta	800 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000
Personvernombodteneste frå IKA	150 000	150 000	150 000	150 000
Alle med i Ulstein (50% stilling i forlenginga av Ung Arena)	350 000	350 000	350 000	350 000
Auka kostnad brøyting nytt byggffelt på Skeide	150 000	150 000	150 000	150 000
Områdeplan sentrum	500 000	-	-	-
Utvila stilling kommuneoverlege	585 200	585 200	585 200	585 200
Fastlønn legevakt	563 629	563 629	563 629	563 629
Auka legevaktleiarstilling med 10%	63 821	63 821	63 821	63 821
Auka veterinarstøtte for å lette rekruttering	62 500	62 500	62 500	62 500
Sum nye tiltak	3 525 150	3 225 150	3 225 150	3 225 150
Endring i netto renter	1 705 000	275 000	-500 000	-500 000
Auka sjølvkostrente/endra indirekte kostnadar/endra investeringsnivå sjølvkost	-786 000	-1 033 000	-1 014 000	-1 297 000
Auka minsteavdrag i 2022	500 000	-	-	-
Sum endra finanspostar	1 419 000	-758 000	-1 514 000	-1 797 000
Endra avsetting til disposisjonsfond	-1 684 892	-768 624	1 272 376	1 290 376
Fremskreve fondsavsetting i økonomiplan 2021-2024	2 024 495	2 729 017	1 245 671	1 245 671
Endra avsetting til disposisjonsfond	-1 684 892	-768 624	1 272 376	1 290 376
Ny avsetting (+) /bruk (-) av fond	339 603	1 960 393	2 518 047	2 536 047

Foto: Aage Christensen, UEKF



ULSTEIN KOMMUNE

6065 Ulsteinvik

Tlf. 70 01 75 00

www.ulstein.kommune.no



facebook.com/ulsteinkommune



instagram.com/ulsteinkommune